

Marie T. Natten
Ingvild Rydjord Hansen
Stine Samsonstuen
Jon Ole Botnevik
Bjørn Vollstad
Marit Evanger
Eirin Sannes Sleteng
Asle Espe

Referat frå styremøte 05/25 i Norges Fjordhestlag 30.04.2025 kl. 15.00 Nordfjordeid.

Orienteringar:

Framtidig nasjonal hestearena for utstillingar og konkurransar- intensjonsavtale mellom aktørane Fjordhorse International
Gjennomgang av årsmøtet og fordeling av oppgåver.

Sak 18/25. Søknadskriterier for tildeling av avlsfremjande prosjektmidlar for 2025.

Vedtak:

Styret i NFL har vedtatt å gje tilskot til bruk av fleire hingstar i avl for jamnare genetisk bidrag: 20 000 kr i tilskot leige av lagshingst til små slepp (eller stasjon i minst 6 veker) med opp til 12 hopper. Hingsten kan ikkje ha meir enn 20 norskregistrerte avkom for å ha rett til tilskot. Lag kan søke om tilskott til fleire hingster.

Tilskott til bedekking av unge hopper: 1500 til bedekking av premierte hopper 3-5 år. For 3-års hopper vil sløyfe som unghest være godkjent.

Tilskott til bevaring av genetisk variasjon: 1500kr til bedekning av premierte hopper 6år og eldre som har hatt maks 2 registrerte føll.

Tilskott til bevaring av stamme: 5000kr i tilskudd til 1.premiehopper som bedekkes med hingster kåret med vekt på stamme og 3000kr i tilskudd til 2. premiehopper som bedekkes med hingster kåret med vekt på stamme.

Tilskott til bevaring av farge: 5000kr i tilskott gjevast til 1.premiehopper som bedekkast med raude, gule, ulsblakke eller grå hingstar under 6år, og 3000kr i tilskott til 2. premiehopper som bedekkast med raude, gule, ulsblakke eller grå hingstar under 6år.

Sak 19/25 Reglar rundt oppdrettar og utstillaroppgjæret. Tildeling for 2024.

Vedtak:

Styret i NFL har vedtatt at hestar som deltek på to utstillingar ein sesong til dømes landsfinale og jubileumsutstilling, blir det berre den eine utstillinga som tel i oppdrettar og utstillaroppgjæret. Årets utstillar 2024 var Svein Erik Hafstad og årets oppdrettar 2024 Karl Anders Fløgstad. Marknadsføringsprisen 2025 tildelast Espen Mørch Andersen

